



Austevoll kommune

# Retningslinjer for tildeling av kommunale tilskot til kultur og idrett

Vedteke av Austevoll kommunestyre – sak 142/22 – 15 desember 2022

## Tilskotsordningar

Austevoll kommune har organisert kommunale tilskotsordningar i 7 ulike pottar. Dette er:

1. Kulturmidlar
2. Idrettsmidlar
3. Midlar til kulturminne og kulturmiljø
4. Midlar til konsert- og arrangement
5. Midlar til aktivitetar for eldre
6. Midlar til bygdahus og lokalmiljø
7. Midlar til aktivitetar for ungdom

## Mål

Dei ulike tilskotsordningane skal medverka til å auka trivsel og realisering av lokale initiativ.

Det er fleire tilhøve som avgjer kor stort eit eventuelt tilskot vil bli, m.a. medlemstal og aktivitetsnivå. Tilbod til barn og ungdom og menneske med nedsett funksjonsevne vert prioriterte.

## Kven kan søka?

Lokale frivillige lag, foreiningar og velforeiningar som arbeidar med kultur- og idrettstiltak i Austevoll kommune.

Private og organisasjonar som jobbar med prosjekt knytt til lokal **Kulturmiljøplan 2016 – 2028**.

## Kven kan ikkje søka?

Kommersielle aktørar kan ikkje søka midlar til gjennomføring av konsertar og arrangement i kommunen.



## Austevoll kommune

### Søknadsfrist

Den siste dagen i februar kvart år.

### Klagefrist

Klagefrist er tre veker frå søkaren har motteke meldinga om vedtaket.

### Søknaden må innehalde

- Kontaktinformasjon
- Tal på medlemmer, styret, brukargrupper og aktivitetsnivå
- Kort skildring av prosjektet og det som skal gjerast
- Budsjett
- Søknadsbeløp
- Organisasjonsnummer
- Kontonummer

Søknad med vedlegg skal sendast digitalt via Austevoll kommune sine nettsider

### Saksgang

Tilskot kan berre tildelast dei som har søkt innan fristen.

- Austevoll kulturråd, Austevoll idrettsråd, ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal komma med uttale til søknadar som fell inn under rådet sitt arbeidsområde.
- Utval for oppvekst, skule og kultur har fått delegert mynde til å fatta vedtak om tilskot, og kan endra søknadsfristen dersom utvalet finn dette hensiktsmessig.
- Utval for oppvekst, skule og kultur skal behandla og fatta vedtak knytt til søknadar om kommunalt tilskot til kultur og idrett. Dette skjer ordinert på møtet i april -kvart år.

### Rapportering

Rapport frå dei som fekk tilskot, -året før skal synleggjera korleis kommunalt tilskot er nytta. Rapporten skal ha med følgande:

- Kort skildring av gjennomført prosjekt
- Rekneskap
- Dokumentasjon i form av bilete av aktivitet/tiltak/prosjekt.



## Austevoll kommune

- Dokumentasjon av kulturminne/-kulturmiljø – ta med før/etter foto (ev. synfaring **på staden med ansvarleg for kulturminne i Austevoll kommune**)

### Rapporteringsfrist

Den siste dagen i februar **året etter** at tilskot vert gitt. (Døme: Fekk du/laget tilskot i 2023, - sender de rapport innan utgangen av februar 2024)

## KRITERIA FOR Å SØKA DEI ULIKE POTTANE

### 1. Kulturmidlar

- Tilbodet er med å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv.
- Tilbodet er tilgjengeleg for alle
- Aktivitet/kulturtilbod skal bidra til at kommunen vert ein god stad å bu i.
- At lag/organisasjon kan visa til eit medlemstal og aktivitetsnivå
- Tilskotet vert nytta til ordinær drift eller til prosjekt

### 2. Idrettsmidlar

- Tilbodet er med å fremje eit aktivt og allsidig idrettsliv.
- At tilbodet er tilgjengeleg for alle
- Aktivitet/kulturtilbod skal bidra til at kommunen vert ein god stad å bu i
- At lag/organisasjon kan visa til eit medlemstal og aktivitetsnivå
- Tilskotet vert nytta til ordinær drift eller til prosjekt

### 3. Midlar til kulturminne og kulturmiljø

- At søknaden er knytt oppfylging av måla i lokal **Kulturmiljøplan 2016 – 2028**.
- At tilskot skal gå til restaurering eller tiltak for å bevare faste/flytande kulturminne i Austevoll.
- Det kan også søkast om tilskot til prosjekt som tek sikte på å dokumentera og/eller formidla den lokal kulturarven.

### 4. Midlar til konsert og arrangement

- Tilbodet det vert søkt om skal vera basert på at arrangement er eit non profitt tiltak og at det vil bidra til auka aktivitet blant frivilligheit, lag og organisasjonar. Tilbod til barn og ungdom og menneske med nedsett funksjonsevne vert prioriterte.
- Tilbodet skal gjelda eit enkeltarrangement, større eller eit mindre kulturarrangement.
- Arrangøren skal visa til at ordninga vil redusera den økonomiske risikoen ved å skipe til større arrangement, som td. konsertar og festivalar



## Austevoll kommune

### 5. Midlar til aktivitetar for eldre

- Tilbodet det vert søkt om må ha som mål å laga aktivitet for eldre (td. seniorturar, kulturaktivitetar eldre til dømes er deltakar eller publikum, ulike eldretreff, Honorar til kursinstruktørar, guidar, forelesarar, Innkjøp av utstyr til ulike aktivitetar osv.).
- Tilbodet skal vera tilgjengeleg for alle eldre
- Det vert lagt vekt på profesjonalitet i utøving og formidling
- Tilskotet kan vera til ein skilde arrangement eller til prosjekt
- Det er ein fordel at tiltaka har ein forankring ved lokal medfinansiering, finst i kommunale planar og eller i organisasjonar

### 6. Midlar til bygdehus og lokalmiljø

- Organisasjonar og lag som eig eller har vedlikehaldsansvar for bygdehus kan søka om tilskot.
- Midlane det vert søkt om skal særleg rettast inn mot utbetringar av ein storleik der søkjar og øy- og bygdesamfunnet ikkje klarer å bere kostnadane åleine, og der tilskot frå kommunen blir rekna for å vere avgjerande for å gjennomføre utbetringa.
- Det er ikkje eit krav, men det blir oppmoda om at tilskotet det blir søkt ikkje er meir enn halvparten av det totale finansieringsbehovet.
- Tilskot kan bli gjeve til utbetring av heile eller delar av bygningsmassen, og fastmontert inventar.

### 7. Midlar til aktivitetar for ungdom

- Målsetjinga med ordninga er å stimulera til aktivitetar som er retta mot ungdom i Austevoll, med spesiell prioritering til aktivitetar som vert drivne av ungdommane sjølve.
- Tiltaket skal vera retta mot ungdom i aldersgruppa **13-19 år, eller tilgjengeleg for alle ungdommar**
- Ein kan søkja om tilskot til aktivitetar, arrangement eller andre tiltak. Tilskot kan gå til driftsutgifter og eingongstiltak. Det kan vere både eksisterande tiltak eller stønad til realisering av nye.
- Maks øvre søknadssum for ein søknad er på 20 000 kr